Luster Kommune



Oversiktskart med planavgrensing

Planprogram

Reguleringsplan for området
Gjerde i Jostedalen
Plan-ID 1426-2013001

Datert 02.05.2013

Vedtatt av Plan og forvaltningsstyret 14.05.2013 sak 24/13

Innleiing

Luster kommune skal utarbeida reguleringsplan for bygdesenteret Gjerde i Jostedalen. Reguleringsplanarbeidet er forankra i Luster kommune sitt planleggingsprogram for 2013-2016. I kommunen sin økonomiplan for 2009-2012 er det sett av ei løyving til regulering på kr. 200.000 i 2011. Sjå K-sak 107/12.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 4-1 og §12-9 er det utarbeidd planprogram for planarbeidet. Eit planprogram skal minst gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad.

Føremålet med planarbeidet

Det viktigaste føremålet er å betra tilhøva i bygdesenteret for både fastbuande og turistar, for både gåande og køyrande. Bygdesenteret skal vera ein funksjonell, sikker og triveleg stad.

Kort om planområdet



Gjerde er bygdesenter i Jostedalen. Området er avgrensa av fylkesveg 334 og elva Krundøla. Innafor det 60 daa store området er det butikk, hotell, bensinpumpe, campingplass med hytter, eit gardsbruk med mjølkeproduksjon, et trevareverkstad, ei sag og fem hus med busetnad. FV 334 som går inntil/gjennom planområdet er mykje nytta i sommarhalvåret av turistar som skal til breen.
Mot nord ligg bustadfeltet Haugåsen. Totalt er det knappe 40 hus/ bustadtomter og eit industriområde i dette feltet. Dei som bur her må gå minst 400 meter langs bilvegen for å komme til butikk/hotell. I sør, fire kilometer frå bygdesenteret, ligg skule, barnehage og samfunnsbygg. Kyrkja ligg lenger nedi dalen.

Ved oppstart av planarbeidet er avgrensinga av planen svært romsleg. Planen grensar i nord mot byggefeltet Haugåsen. Området vert redusert dersom dette visar seg mest tenleg. Det er i utgangspunktet ikkje planar om å bruka dyrka jord til utbyggingsføremål.

Planar som gjeld for området

Kommuneplanen – generell del – vedteken i 2007
legg opp ein del føringar for bygdesentera i kommunen. Her er eit utdrag av desse føringane:

- Alle kommunale bygg og uteområde samt bygg og anlegg som får kommunal støtte, skal ha tilgjenge for alle.
- Få etablert eit meir attraktivt og vakrare utemiljø både i bygdene og i sentrumsområda.
- Få etablert fleire uformelle møteplassar.
- Få etablert turvegar i og nær sentrumsområda.
- Sikre tilgang til grøntkorridorar og strandområde ved planlegging og utbygging.
- Bygdesentra skal ha skule, barnehage, butikk og sosial samlingsstad for hyppige uformelle møte og større samlingar som t.d. 17. mai.
- Alle bygdesenter bør ha tilbod om bankteneste, post, bibliotek og butikk.

• Alle bygdesenter skal ha både sentrumsnært og spreidd butilbod.



Kommuneplan – arealdelen – vedteken i 2008
Denne planen stadfester eksisterande bruk av området og viser ny gangveg frå byggefeltet til senteret. Etter at kommuneplanen vart vedteken er butikken nærast byggefeltet vorte lagt ned.

Reguleringsplan for Haugåsen – vedteken 1980
Denne planen frå 1980 grenser mot planområdet. Reguleringsplanen viser fortau langs FV 334. Dette fortauet har aldri vorte bygd. Planen viser også eit offentleg eldresenter. Dette senteret er no nedlagt og det er planarbeid på gang for å omregulera eldresenteret til bustader.

Sjølve bygdesenteret Gjerde har aldri vore regulert.

Planutforming

Planen skal utformast som ein detaljert reguleringsplan med reguleringsføresegner som eit eige dokument.

Aktuelle reguleringsføremål er:

- Bygg og anlegg - bustad, privat tenesteyting (butikk), turistføremål (campingplass), næringsbygg (hotell) og uteområde for opphald.
- Anlegg for samferdsle – køyreveg, fortau, parkeringsplassar
- Friområde
- Landbruksområde

Konsekvensar

Reguleringsplanen kan få konsekvensar for eigedomar som ligg langsmed FV 334 og nær butikk og hotell, dersom det skal opparbeidast fortau langs vegen og betra tilkomsten til butikk og hotell.

Planprosess

Luster kommune har ansvaret for utarbeidinga av reguleringsplanen. Ein vil leggja vekt på god kontakt med grunneigarar og næringsdrivande i området under planprosessen. Kontakt med desse vil i hovudsak skje gjennom to møter på Gjerde og gjennom innspel til planarbeidet og merknader til planframlegget. Planarbeidet vil skje i nært samarbeid med Statens vegvesen når det gjeld vegløysingar.

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Ansvarleg	Fristar / Framdrift
Kunngjering – varsel om oppstart av planarbeid	Annonse i Sogn Avis og på kommunen si heimeside.	Luster kommune	Februar 2013
Høyring av framlegg til Planprogram	Innspel frå offentlege etatar og private interesser / ålmenta	Luster kommune	Februar 2013 I minst 6 veker
Handsaming av innspel. Utarbeiding av endeleg planprogram		Luster kommune	April 2013
Vedtak av planprogram		Plan- og forvaltningsstyret i Luster kommune	14. mai 2013
Møte med berørte partar	Alle med eigarinteresser i planområdet	Luster kommune kallar inn til møte	Mai-juni 2013
Utarbeiding av reguleringsplanframlegg		Luster kommune	Mai-august
Første gongs handsaming av reguleringsplanframlegget		Plan- og forvaltningsstyret i Luster kommune	1. møte etter ferien September 2013
Offentleg ettersyn av planframlegget	Merknader frå offentlege etatar og private interesser / ålmenta		September 2013 I minst 6 veker
Ope møte	Alle med interesser i området og berørte partar	Luster kommune	I høyrings-perioden
Handsaming av innkomne merknader		Luster kommune	Ca. 4 veker etter innsendings-fristen
Andre gongs handsaming av planframlegget		Plan- og forvaltningsstyret i Luster kommune	Ca 1 mnd etter merknadsfristen
Vedtak av reguleringsplanen		Luster Kommunestyre	

Ein føresetnad for denne framdrifta er avhengig av at endringane etter at planframlegget har vore ute til offentleg ettersyn ikkje er så omfattande at det medfører krav om ny utlegging. Vert det nytt offentleg ettersyn vil dette føra til forlenga planarbeid.

Kontaktinformasjon

Spørsmål knytt til planprogram og arbeidet med reguleringsplanen kan rettast til:

Planleggjar
Inger Handegård, Rådhuset, 68666 Gaupne
Telefon: 57 68 55 91
E-post: inger.handegard@luster.kommune.no